



140 kom for å høyra Frank Aarebrot i Omvikdalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det nye Senioruniversitetet i Kvinnherad held fram med sine møte-suksessar.**

**Sist var det 125 seniorar og 25 skule-elever som hørde professor i anatomi Reidar Myklebust frå Uskedalen orientera om hjernen på Husnes.**

**I dag hørde 140 seniorar professor i statsvitskap Frank Aarebrot frå Bergen seia meininga si om media og makt i Dahlheim i Omvikdalen. Folk frå heile Kvinnherad kom for å høyra den profilerte professoren.**

Han fekk ros for eit godt og innsiktsfullt foredrag. Ikkje minst tankevekkjande var dei historiske spranga hans - til dømes frå kyrkjebakken til moderne media, som bygdebladet. Kanskje er det ikke så mykje nytt under sola på mediefrenten heller?

I alle fall meiner Aarebrot at vi har vel lett for å skriva ut dødsattestar for gamle media når det kjem nye. Til dømes har P1 i radio like mange lyarar som før.

Som han plar ha hadde professoren fleire fintar til journalistane. Til dømes meinte han at dei er sjukelig opptekne av å vera først ute med nyhende sjølv om lesarane og lyarane gjev blaffen i kven som er først.

Han kritiserte ellers nettjournalistane for mange feil på grunn av tidspresset og hadde ein generell åtvaring i samband med dei nye mediene: No skriv folk til heile verda som om det var til ein god kjenning og er tydelegvis ikkje klåre over kor pinleg det kan verta.

Om pressestøtta sa han at den har vore eit kunstig åndedrett og var inne på at den kanskje bør delast ut på kulturpolitiske kriteriar.

Avisene har vorte partipolitisk uavhengige, men Aarebrot meinte at det til dømes heng att Venstre-duft i korridorane til BT. Og no er det ein ny tendens: Partiljaliteten er avløyst av ein flokkmentalitet. Samstundes blir eigarskapen stadig meir konsentrert.

At det er to lokalavisar i ein kommune, som i Kvinnherad, er uhyre sjeldan, påpeika Aarebrot.

Neste seminar i Senioruniversitetet skal handla om psykiatrien.

Då blir det storinnrykk på Valen! Datoen er 1. juni.

Av Ola Matti Mathisen



Frank Aarebrot i kjent stil i Dahlheim. (Foto: Ola Matti Mathisen)